



Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

ÅRSPLAN 2026

Årsplanen bygger på følgande dokumenter:

- Mandat for fagnettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling
- Strategi for nettverket 2025-2029
- Funksjon og ansvar for ressursjukepleiar og nærmaste leiar
- Nettverket sin kompetanseplan

Målsetting for nettverket

Bidra til kompetanseheving og betre samhandling på alle nivå i helse- og omsorgstenestene, slik at kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen og pasientar med behov for lindrande behandling i alle sjukdomsgrupper, og deira pårørande, opplever tryggleik og mottar gode og heilskaplege helse- og omsorgstenester

Nettverket er kjenneteikna av

Høg kompetanse, etisk medvit, ein velfungerande organisasjon og godt tverrfagleg samarbeid/samhandling. Har ein kultur for forbedring og ei open tilnærming til nye idear og løysingar.

Plan for arbeidet i 2026

Årsplanen er inndelt etter satsingsområde i Strategi for nettverket 2025-2029.

Ressursjukepleiarane skal saman med sin leiar utarbeide og sette i verk eigen arbeidsplan med utgangspunkt i årsplanen. Skjemaet «Arbeidsplan» ligg på nettverket si nettside. Tilrår også ressursjukepleiarane å bruke dokumentet «Vegleiar for samtale med leiar om funksjonen som ressursjukepleiar» i møtet med leiar.

1. Pasient- og pårørandearbeid

Mål: Bidra til at helse- og omsorgstilbodet til pasientar og pårørande er av høg kvalitet

Delmål 1: Fremme eit bevisst forhold til etisk refleksjon i det daglege arbeidet og på lokalgruppesamlingar

Aktivitet

- Etisk refleksjon på alle felles samlingar

Delmål 2: Stimulere til at førehandssamtalar blir implementert og systematisert

Aktivitet

- Auka medvit om betydninga av førehandssamtalar
- Gjennomgå e-læringskurset om førehandssamtalar på lokalgruppesamlingane i vår
- Reflektere saman på lokalgruppesamlingane over korleis førehandssamtalar kan bli implementert på eigen arbeidsstad og oppmuntre ressursjukepleiarane til å dele erfaringar knytt til dette



Delmål 3: Vidareføre arbeidet med implementering og systematisk bruk av verktøy til bruk i palliasjon

Aktivitet

- Undervisning om ESAS-r og formidlingsteknikk på introduksjonskurs
- Dele erfaringar og beste praksis på introduksjonskurs og på lokalgruppesamlingane

2. Kompetanseheving

Mål: Bidra til å styrke kompetansen i kreftomsorg og lindrande behandling. Arbeide for at kunnskap, ferdigheiter og haldningar blir formidla vidare til kollegaer på arbeidsplassen

Delmål 1: Auka kompetanse hos ressursjukepleiarane

Aktivitet

- Nye ressursjukepleiarar mottar velkomstbrev med aktuelle dokument vedlagt
- Ressursjukepleiarar deltar på alle lokalgruppesamlingane og årleg fagdag
- Obligatoriske tema på lokalgruppesamlingane for ressursjukepleiarane er førehandssamtale, obstipasjon og malign tarmobstruksjon
- Stimulere ressursjukepleiarar til deltaking på aktuelle kurs og konferansar
- Oppfordre nye ressursjukepleiarar som ikkje har vidareutdanning til å delta på grunnkurs i palliasjon
- Oppmuntre til hospitering
- Informere om relevante publikasjonar og forskingsresultat via nettsider, på lokalgruppesamlingane og i nyhende-brev

Møte i lokale nettverksgrupper:

Nettverksgruppe:	Vår 2026	Haut 2026
Sunnfjord/Kinn /Ytre Sogn	3. mars	27. oktober
Nordfjord	10. mars	20. oktober
Sogn	24. mars	13. oktober

Grunnkurs i palliasjon: 10. november 2026.

Delmål 2: Fremme fokus på lindrande behandling for pasientar med nevrologiske sjukdommar, samt bidra til gode system, retningslinjer og prosedyrar

Aktivitet

- Årleg fagdag med fokus på temaet nevrologiske sjukdomar og Parkinsons sjukdom i eit palliativt perspektiv
- Reflektere saman på årleg fagdag og dele erfaringar

Delmål 3: Halde oppe talet på ressursjukepleiarar som vidareformidlar kunnskap på eigen arbeidsplass

Aktivitet

- Stimulere til og legge til rette for at ressursjukepleiarane dele kunnskap frå lokalgruppesamlingane og frå årleg fagdag ved bl.a. å reflektere saman over spørsmålet «Kva har eg lært i dag som eg kan ta tilbake til min arbeidsstad?»

- Motivere ressursssjukepleiarar til kunnskapsdeling på sin arbeidsplass ved å bruke nettverket sine undervisningspakkar om ESAS-r, IP, grunnleggande palliasjon og om nettverket, eller bidra med anna undervisning

Delmål 4:

Auke talet på ressursssjukepleiarar som bidrar til fagleg utviklingsarbeid

Aktivitet

- Informere om høve til å søke prosjektmidlar frå Helsedirektoratet
- Invitere ressursssjukepleiarane til å dele av sine erfaringar med prosjekt på lokalgruppesamlingane

3. Forankring i leiing

Mål: Være forankra i leiinga på alle nivå

Leiar og ressursssjukepleiar er gjensidig forplikta på nettverksarbeid

Delmål 1:

Aktivitet

- Årsrapport 2025 og årsplan 2026 sendast til leiarane i nettverket
- Årsrapport og årsplan sendast til postmottak i alle kommunar
- Alle leiarane til ressursssjukepleiarane inviterast til introduksjonskurs for nye i nettverket og til årleg fagdag
- Alle leiarar får i tillegg tilbod om eit digitalt introduksjonskurs
- Alle leiarane til ressursssjukepleiarane får tilsendt referat frå lokalgruppesamlingane og nettverket sitt nyhende-brev. Nye leiarar får tilsendt informasjonsbrev om nettverket.

Delmål 2: Alle ressursssjukepleiarar har årleg møte med sin leiar med gjennomgang av ressursssjukepleiarar sin arbeidsplan

Aktivitet

- Ressursssjukepleiarar tar initiativ til samtale med leiar
- Stimulere til bruk av «Vegleiar for samtale med leiar om funksjonen som ressursssjukepleiar» på lokalgruppesamlingane
- Dele erfaringar om korleis dette kan gjerast på den enkelte sin arbeidsplass

4. Synleggjering og samarbeid

Mål: Nettverket skal vere kjent blant helsepersonell, pasientar og pårørande, og det skal sikre samarbeid med aktuelle samarbeidspartar

Delmål 1: Auka bevisstgjerings blant helsepersonell om nytteverdien av nettverket og rolla til ressursssjukepleiarane

Aktivitet

- Oppfordre ressursssjukepleiarane til å informere og undervise om kva som er ressursssjukepleiaren sine oppgåver på sin arbeidsstad
- Styrke rolla til ressursssjukepleiarane på sjukehuset ved å lage til fellessamling for denne gruppa med fokus på erfaringsutveksling inn mot funksjonen

Delmål 2: Auka tverrfagleg samarbeid og samhandling mellom nivåa

Aktivitet

- Dele gode erfaringar frå tverrfaglege samarbeid på lokalgruppesamlingane og årleg fagdag
- Dele erfaringar og reflektere over kva som kan vere utfordrande med samhandling, på lokalgruppesamlingane og årleg fagdag
- Invitere aktuelle, tverrfaglege samarbeidspartnarar til lokalgruppesamlingane
- Samarbeidsmøte med palliativt team ein til to gonger i året

Delmål 3: Auka del legar (sjukehus-, sjukeheims- og fastlegar) som kjenner til nettverket, og få til eit tettare samarbeid med fastlegar og sjukeheimslegar

Aktivitet

- Invitere seg inn til «Nytt og nyttig»-møte med legane
- Oppmuntre ressursssjukepleiarar som arbeidar i heimetenesta til å invitere seg inn til møte med fastlegar x 1 pr år
- Oppmuntre ressursssjukepleiarar på sjukeheimar til å invitere lege på sjukeheim til felles møte

Delmål 4: Kunnskap om og deltaking i Pakkeforløp heim for pasientar med kreft

Aktivitet

- Fremme dialog med aktuelle samarbeidspartar om kva rolle ressursssjukepleiarane i nettverket kan ha i implementeringa av pakkeforløpet
- Ha fokus på Pakkeforløp heim på lokalgruppesamlingane
- Oppmuntre ressursssjukepleiarar til å dele erfaringar knytt til Pakkeforløp heim

Delmål 5: Fremme samhandling med brukarorganisasjonar og pårørandeorganisasjonar

Aktivitet

- Invitere brukar/pårørande til lokalgruppesamlingane / årleg fagdag for å dele sine erfaringar inn mot aktuelle tema

5. Organisering og drift av nettverket

Mål: Vere eit velfungerande og fullt utbygd nettverk i alle dei fire helseføretaka

Delmål 1: Gjennomføre faste oppgåver for god drift av nettverket

Aktivitet

- Arrangere to lokalgruppesamlingar for ressursssjukepleiarane
- Arrangere årleg fagdag og invitere inn kontaktpersonar i fysio- og ergoterapimiljøet
- Arrangere introduksjonskurs for nye ressursssjukepleiarar og leiarar, samt eit digitalt introduksjonskurs for alle leiarane
- Sende ut to nyhende-brev, årsrapport 2025 og årsplan 2026

- Sende ut årshjul til ressursssjukepleiarane
- Kontinuerleg arbeide for rekruttering av ressursssjukepleiarar og erstatning av ressursssjukepleiarar som sluttar
- Erfaringsutveksling om ressursssjukepleiar si rolle på lokalgruppesamlingar
- Førebu og delta på møte i styringsgruppa og driftsgruppa
- Gjennomføre og følge opp årleg rapportering frå ressursssjukepleiar og nærmaste leiar
- Ressursssjukepleiar og leiar svarar på årleg rapportering
- Kontinuerleg oppdatere pallnet.no
- Fortsetje å vere pådrivar for oppstart av fysio- og ergoterapinettverk i Helse Førde, og stimulere til deltaking på digital samling i regi av Helse Bergen

Delmål 2: Auka del ressursssjukepleiarar som svarar på årleg rapportering

Aktivitet

- Tydeleg informasjon på lokalgruppesamlingane og årleg fagdag om kvifor det er viktig og kva betydning det har å svare på årleg rapportering
- Sette av tid på lokalgruppesamlingar til hausten til å svare på årleg rapportering for ressursssjukepleiarar